

Tilskot til næringsutvikling

Går du med tankar om å starte din eigen bedrift? Eller driv du ei bedrift som skal vekse? Tokke kommune har midlar til støtte for næringsutvikling til eksisterande bedrifter, og til dei som vil starte ny bedrift i Tokke.

Søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside og er elektronisk:

<https://skjema.kf.no/FormsEngine/?wizardId=533&externalId=0833>

Start gjerne prosessen med å ta kontakt med enten næringsrådgjevar eller kommunalsjef for teknisk, plan og næring. Vi gir råd og rettleiing.

I samband med etablering av ny verksem har etablerarkontoret, drive av Telemark næringsutvikling i Kviteseid, ei etablerarteneste. Etablerartenesta kjem til Dalen for å hjelpe deg og har «drop-in» - kontor annankvar torsdag. Du kan få tre timar med gratis rådgjeving frå etablerarkontoret, dersom du treng hjelp til å vurdere ein forretningsindè eller er i gang med planar om verskemd og treng hjelp til søknadsskriving, registrering i Brønnøysundregisteret e.l. Les meir om etablerarkontoret her:

Handsaming av søknader

Søknader under kr. 15.000

Søknader under kr. 15.000 kan handsamast administrativt og fortløpande.

For å handsame søknaden, treng kommunen informasjon om prosjektet, framdriftsplan og ein enkel finansieringsplan.

Søknader under kr. 100.000

Handsamast politisk av Formannskapet. Formannskapet har ca. 9 møter i året.

For å handsame søknader om tilskot <100.000 treng vi:

- Søknad (elektronisk på kommunens nettside)
- Forretningsplan (under er døme på kva som kan/bør inkluderast)
 - Omtale av firma og initiativtakarar
 - Forretningside´ og konseptbeskriving
 - Framdriftsplan
 - Kapitalbehov/finansiering/budsjett
 - Marknadsvurdering
 - Målsettingar (kort og lang sikt)
 - Forretningsmodell
 - Risikoanalyse/SWOT

Søknader over kr. 100.000

Handsamast politisk av Kommunestyret. Kommunestyret har ca. 6 møter i året.

For å handsame søknader om tilskot >100.000 treng vi:

- Søknad (elektronisk på kommunens nettside)
- Forretningsplan (under er eksemplar av kva som kan/bør inkluderast)
 - Beskriving av firma og initiativtakere
 - Forretningside´ og konseptbeskriving
 - Framdriftsplan

- Kapitalbehov/finansiering/budsjett
- Marknadsvurdering
- Målsettingar (kort og lang sikt)
- Forretningsmodell
- Risikoanalyse/SWOT

Sjå elles på kommunens næringsplan med retningslinjer samt vedtekter til næringstiltak som finnes på kommunens heimeside her <http://www.tokke.kommune.no/siste-nytt/naeringsvedtekter-140616> .